

Møre Bispedømeråd

- Avsender: Møre Bispedømeråd
- Høringsinstans: Regionale og sentrale instanser i Den norske kirke
- Ønsker å ta stilling til høringen: **JA**

Avgitte svar

Lovens formål og medlemskapsspørsmål

1. Dagens tre lover erstattes av én felles lov om tros- og livssynssamfunn

jf. kap. [6](#), [8](#), [18](#) og § [1](#) i høringsnotatet (åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ	Hvor viktig er dette?	Eventuell kommentar
☒ Enig ☐ Uenig	☒ Viktig ☐ Ikke viktig ☐ Ingen oppfatning	Sjølv om Dnk har arbeidd for auka sjølvstende og helsar utkast til lov om trus- og livssynssamfunn velkommen, er auka livssynsmangfald og behov for likehandsaming og forenkling av lovverket like sterke drivkrefter til arbeidet med ny lov. Gjennom seinare år har mangfaldet av trussamfunn auka mykje. Ein kan no sjå eit stort mangfald kristne trussamfunn, og ein kan sjå vekst i talet på trussamfunn utanfor den kristne konfesjon. I tillegg har ein del livssynssamfunn hatt merkbar vekst. Representantar for dei mange trus- og livssynssamfunn har følt at tida har vore inne for auka likehandsaming og forenkling. Møre bdr. støttar ønsket om «forenkling og likebehandling» i ei ny lov om trus- og livssynssamfunn. Møre bdr. helsar velkommen ei lov som ikkje diskriminerer. Samstundes peikar Møre bdr. på at Den norske kyrkja, i kraft av å vere forankra i Grunnlova §16, i kraft av å vere berar av historiske, kulturelle og nasjonale verdiar, av å vere majoritetskyrkje med over 70% av folket som medlemmer og i kraft av å vere landsdekkande, treng eit meir utvida lovfundament enn andre trus- og livssynssamfunn.

2. Lovens formål skal være å understøtte tros- og livssynssamfunnene

jf. [kap. 7](#) og § [1](#) i høringsnotatet (åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ	Hvor viktig er dette?	Eventuell kommentar
☒ Enig ☐ Uenig	☒ Viktig ☐ Ikke viktig ☐ Ingen oppfatning	<i>Trusfridomen har tronge kår mange stader. Når den nye lova har som formål å understøtte trus- og livssynssamfunna gir denne formuleringa eit fundament for religiøs utfalding og trusmangfald. Det er Møre bdr. si meining at denne formuleringa styrkjer trusfridomen i Noreg.</i>

3. Loven skal definere tros- og livssynssamfunn som "sammenslutninger for felles utøvelse av en religiøs tro eller et sekulært livssyn"

jf. [kap. 7](#) og [§ 1](#) i høringsnotatet (åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ	Hvor viktig er dette?	Eventuell kommentar
☒ Enig ☐ Uenig	☒ Viktig ☐ Ikke viktig ☐ Ingen oppfatning	

4. Den gjeldende lovregulerte ordningen om barns tilhørighet til tros- og livssynssamfunn oppheves

jf. [kap. 18](#) og [§§ 2](#) og [3](#) (lenkene åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ	Hvor viktig er dette?	Eventuell kommentar
☐ Enig ☒ Uenig	☒ Viktig ☐ Ikke viktig ☐ Ingen oppfatning	<i>Møre bdr. er samd i at ordninga med forrang blir oppheva. Møre bdr. er imot framlegget om at ordninga med «tilhørighet», som i dag er regulert ved lov, blir oppheva. Trus- og livssynssamfunn ønskjer ved ulike høve å invitere born av medlemmer til dåp, til forskjellige trusopplæringstiltak o.a.. Difor meiner Møre bdr. at trus- og livssynssamfunn gjennom lovheimel bør sikrast rett til å hente ut opplysningar om medlemene sine barn, også før desse er meldt inn som medlemmer.</i>

Registrering og tilskudd

5. Det settes som krav for registrering av tros- og livssynssamfunn at samfunnet må ha mer enn 500 medlemmer som har fylt 15 år

jf. [kap. 7](#) og [§ 3](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☒ Enig
☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☒ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

6. Lovens antallskrav kan oppfylles ved at likeartede samfunn søker om å bli registrert i fellesskap

jf. [kap. 7](#) og [§ 3](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☒ Enig
☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☒ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

7. Det gis hjemmel i loven for at antallskravet kan fravikes i helt særlige tilfeller

jf. [kap. 7](#) og [§ 3](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☒ Enig
☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☒ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

8. Et samfunn må være registrert for å ha krav på tilskudd og for å kunne tildeles vigselfrett, jf. kap. 7 og 19 og §§ 3 og 4 og forslag til endring i ekteskapsloven § 12 første ledd.

jf. [kap. 7](#) og [19](#) og [§§ 3](#) og [4](#)
forslag til endring i ekteskapsloven § 12 første ledd (lenkene åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☒ Enig
☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☒ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

9. Staten skal overta kommunenes finansieringsansvar for tilskudd til tros- og livssynssamfunn utenom Den norske kirke

jf. [kap. 13](#) og [§ 4](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ	Hvor viktig er dette?	Eventuell kommentar
☒ Enig ☐ Uenig	☒ Viktig ☐ Ikke viktig ☐ Ingen oppfatning	Møre bdr. er samd i at staten overtar kommunen sitt finansieringsansvar for trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja. Omlegginga til å gi eit reint statleg tilskot vil svare godt til lova sin intensjon om å forenkle og likebehandle.

10. Tilskudd til tros- og livssynssamfunn utanom Den norske kirke skal beregnes etter antallet medlemmer i samfunnet over 15 år

jf. [kap. 14](#) og [§ 4](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ	Hvor viktig er dette?	Eventuell kommentar
☐ Enig ☒ Uenig	☒ Viktig ☐ Ikke viktig ☐ Ingen oppfatning	Møre bdr. meiner det er uheldig at trus- og livssynssamfunnet opererer med anna medlemsforståing enn kva lova godkjenner. Det rokkar ikkje ved respekten for religiøs myndighetsalder, om medlemskap blir rekna frå tidspunktet foreldre melder barnet inn i trus- og livssynssamfunnet (ved dåp eller annan medlemsinnmelding). Bdr. vil gjerne streke under at kyrkja reknar barn som fullgode medlemmer. Ei finansieringsordning som ikkje kan rekne barn under 15 år som medlemmer, gir uheldige signal om at barn ikkje blir rekna med, og kan føre til at vi reduserer merksemd, arbeid og aktivitetar til dei barn som ikkje tar imot medlemsstøtte. Møre bdr. meiner at det ikkje bør innførast alderskrav for tilskott, men at medlemskap skal reknast for alle som har meldt seg inn, eller som er innmeldt av foreldre/verge, som er busett i riket og som ikkje er medlem i anna trus- og livssynssamfunn.

11. Satsen for tilskudd per medlem i tros- og livssynssamfunn utanom Den norske kirke skal reguleres årlig i samsvar med endringene i statens tilskudd til Den norske kirke

jf. [kap. 14](#) og [§ 4](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ
☒ Enig

☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

Eventuell kommentar

- ☒ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

12. Tilskudd til investeringer av Den norske kirkes kirkebygg fra før 1900 skal ikke inngå i reguleringsgrunnlaget for tilskudd til andre tros- og livssynssamfunn

jf. [kap. 14](#) og [§ 4](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

Hvor viktig er dette?

Eventuell kommentar

- ☒ Enig
☐ Uenig

- ☒ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Lovutkastet sitt grep om å løfte investeringskostnader til gamle kyrkjebygg ut av dei ordinære årlege budsjettammen til trus- og livssynssamfunn er viktig. Møre bdr. støttar dette grepet. Bdr. meiner at det er uheldig at det berre er kyrkjebygg frå før 1900 som skal ha særleg finansiering. Det virkar skjematisk og uhensiktsmessig å sette ei grense ved år 1900 for ordninga kor investeringskostnader til kyrkjebygg skal løyvast utanfor dei ordinære årlege løyvingane til trus- og livssynssamfunn. Skiljet bør ikkje gå ved spesifikk alder, men heller basere seg på Riksantikvaren si liste over kyrkjebygg som er verneverdige i eit nasjonalt perspektiv. Riksantikvaren har registrert og dokumentert ei rekkje kyrkjebygg frå etter år 1900 som ut frå grundige faglege vurderingar er blinka ut som særleg verneverdige i eit nasjonalt perspektiv. Det vil vere risikabelt for heile kulturminnesektoren om øyremerkte midlar til å følgje opp desse kulturskattene blir tatt bort. Då vil vedlikehald og sikring av desse verdfulle bygga blir overlate til kommunale budsjettkampar. Møre bdr. meiner også, med omsyn til likebehandling, at lova også bør leggje til rette for same ordning for kyrkjebygg tilhøyrande andre trus- og livssynssamfunn.

13. Tilskudd til oppgaver Den norske kirke utfører på vegne av det offentlige skal ikke inngå i reguleringsgrunnlaget for tilskudd til andre tros- og livssynssamfunn

jf. [kap. 14](#) og [§ 4](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☒ Enig
☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☒ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

Møre bdr. meiner at Den norske kyrkja ikkje skal ha ordningar som diskriminerer andre trus- og livssynssamfunn. Likevel meiner Møre bdr. at det er rett og naturleg at Den norske kyrkja skal handsamast forskjellig enn andre trus- og livssynssamfunn. I kraft av Grunnlova §16, i kraft av at kyrkja er nasjonal kultur- og identitetsberar og i kraft av å vere majoritetskyrkje og landsdekkande, står Den norske kyrkja i ei særstilling. Det er rett at tilskott til oppgåver som kyrkja utfører på vegne av det offentlege ikkje skal vere av det årlege tilskottet.

14. Tilskudd til utgifter som følger av Den norske kirkes særlige stilling skal ikke inngå i reguleringsgrunnlaget for tilskudd til andre tros- og livssynssamfunn

jf. [kap. 14](#) og [§ 4](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☒ Enig
☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☒ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

Møre bdr. støttar at utgifter som følgje av Den norske kyrkja si særlege stilling ikkje skal gå inn i reguleringsgrunnlaget for tilskot til andre trus- og livssynssamfunn. Tilskot som handlar om bustadordning, pensjonsrettar og tilskot til å halde kyrkjeval, er døme på område som ikkje bør reknast inn i det årlege tilskottet.

15. Samfunn skal kunne nektes tilskudd dersom de mottar bidrag fra stater som ikke respekterer retten til tros- og livssynsfrihet

jf. [kap. 15](#) og [§ 6](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☒ Enig
☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☒ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

16. Det skal overlates til fylkesmannen å treffe vedtak om registrering og tilskudd etter loven og å føre tilsyn med virksomheten

jf. [kap. 17](#) og [§ 7](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☒ Enig
☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☒ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

For å sikre likebehandling er det viktig at det blir utarbeidd kriterier for bruk av skjønn.

17. Fylkesmannens myndighet etter loven skal kunne ivaretas av ett fylkesmannsembete

jf. [kap. 17](#) og [§ 7](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☒ Enig
☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☐ Viktig
☒ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

Den norske kirke

18. Særskilte bestemmelser som kun retter seg mot Den norske kirke (kirkelig rammelov) skal gis i et eget kapittel i den nye trossamfunnsloven

jf. [kap. 8](#) og [§§ 8 – 16](#) (lenkene åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☒ Enig
☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☒ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

Møre bdr. er glad for at lovutkastet forankrar ønsket om eige lovkapittel for Den norske kyrkja i Grunnlova, §16.

19. Det skal overlates til Kirkemøtet å fastsette nærmere bestemmelser om kirkens organisering, kirkelig inndeling, kirkelige organer og valg til disse

jf. [kap. 8](#) og [§§ 10 og 11](#) (lenkene åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☒ Enig
☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☒ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

Møre bdr. strekar under at det er soknet (sokneråd) og Den norske kyrkja (Kyrkjemøte) som er kyrkja sine to juridiske subjekt. Lovutkastet overfører til kyrkjelege organ å treffe avgjerd om organisasjon, inndeling og andre kyrkjeordningsspørsmål. Møre bdr. meiner det er å ta Kyrkjemøtet sin status som

sjølvstendig juridisk subjekt på alvor når lovutkastet ikkje meiner noko om inndeling og organisering. Møre bdr. meiner prinsipielt at ei rammelov ikkje bør seie noko om inndeling og organisering. Møre bdr. er samd i at liturgimynde ligg hos Kyrkjemøtet. Forslag om kyrkjeleg stemmerett blir støtta. Vidare støttar Møre bdr forslaget om kyrkjeval nær offentlege val. Bispedømerådet er samd i forslaget om å forankre prestetenesta (biskop/bispedøme, prost/prosti og prest/sokn) i lova og støttar at lovutkastet forankrar denne i §14 sin ordlyd. Møre bdr. støttar at det blir tatt inn ein særskilt regel om medlemsregister for Den norske kyrkja i lova.

20. Det skal overlates til Kirkemøtet å fastsette bestemmelser om kirkebygg

jf. [kap. 8](#) og [§ 13](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☒ Enig
☐ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☐ Viktig
☐ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

Det blir viktig at kyrkjemøtet utviklar og vedtar bestemmingar kring forvaltning av kyrkjebygg som sikrar like godt vedlikehalds- og bevaringsregime som dagens lovgjeving fastset. Jf. høyringsutkastet sitt kapittel 11, som drøftar ulike modellar for bevaringsregime. Møre bdr. støttar at det ligg til Kyrkjemøtet å setje fast ordningar for kyrkjebygg.

21. Det skal overlates til Kirkemøtet å fastsette bestemmelser om, og med hvilke unntak og særregler, forvaltningsloven, offentlighetsloven og arkivloven skal gjelde for kirken

jf. [kap. 8](#) og [§ 16](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ

- ☐ Enig
☒ Uenig

Hvor viktig er dette?

- ☐ Viktig
☒ Ikke viktig
☐ Ingen oppfatning

Eventuell kommentar

22. Det skal overlates til Kirkemøtet å fastsette om medlemmer av kirken skal betale medlemskontingent

jf. [kap. 10](#) og [§ 12](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ	Hvor viktig er dette?	Eventuell kommentar
☐ Enig ☒ Uenig	☒ Viktig ☐ Ikke viktig ☐ Ingen oppfatning	<i>Møre bispedømeråd er ikkje einig i at Kyrkjemøtet kan fastsette om medlemmer av Den norske kyrkja skal betale medlemskontingent.</i>

23. Bestemmelsene om at soknet og Den norske kirke er selvstendige rettssubjekter skal videreføres

jf. [kap. 8](#) og [§ 9](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ	Hvor viktig er dette?	Eventuell kommentar
☒ Enig ☐ Uenig	☒ Viktig ☐ Ikke viktig ☐ Ingen oppfatning	

24. Mener du at Den norske kirke skal finansieres ved at a) Dagens økonomiske oppgavefordeling mellom staten og kommunene føres videre, eller b) Staten skal overta det ansvaret kommunene i dag har for finansiering av den lokale kirke?

jf. [kap. 9](#) og [§ 12](#) (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ	Hvor viktig er dette?	Eventuell kommentar
☐ a) Dagens økonomiske oppgavefordeling mellom staten og kommunene føres videre. ☒ b) Staten skal overta det ansvaret kommunene i dag har for finansiering av den lokale kirke.	☒ Viktig ☐ Ikke viktig ☐ Ingen oppfatning	<i>Det er ein naturleg konsekvens av at Den norske kyrkja blir meir sjølvstendig, at banda til stat og kommune losnar. Innanfor gjeldande lovverk fører kommunereforma også til omfattande kyrkjelege endringar, og mangfaldet i fellesrådsstrukturar blir større enn nokon gong. I Møre bispedøme vil omfattande kommuneregulering føre til store konsekvensar for inndeling av kyrkja. Det er prinsipielt rett å ikkje binde kyrkjelege strukturar og spørsmål om inndeling til dei kommunale strukturane. Møre bdr. vil løyse bindinga til kommunane og til kommunale strukturar og går inn for at staten overtar finansieringsansvaret for den lokale kyrkja. Sjølv om finansiering av lokalkyrkja ikkje lenger er eit kommunalt ansvar, er ikkje noko til hinder for lokal delfinansiering av gode kyrkjelege tiltak. Som kommunen i dag finansierer og delfinansierer gode tiltak, som kulturbygg og idrettshallar, som ikkje er lovpålagt, kan ein likevel sjå for seg både folkeleg og kommunalt</i>

initiativ for å realisere viktige kyrkjelege tiltak. Det er ikkje sjølv sagt at dei dystre spådomane om at lokalsamfunnet ikkje vil bry seg om kyrkjer og kyrkjeliv når ansvaret ikkje er lenger er lovbestemt, slår til. Vidare meiner Møre bdr. at ei anna finansieringordning av Dnk enn for dei andre trus- og livssynssamfunna vil føre til ei pedagogisk utfordring for kommunane. Lova legg opp til at kommunane ikkje lenger skal gi tilskott til andre enn til Dnk. Livssynsmangfald, sekularisering og krav om likehandsaming kan føre til at kommunen over tid vil «gløyme» at den lokale kyrkja skal handsamast ulikt andre trus- og livssynssamfunn. I dag er det fellesrådet som forvaltar gravplassane og som er gravferdsmynde, også for dei som ikkje er medlemmer i Den norske kyrkja. Kyrkja har høg kompetanse og lang erfaring med å utøve dette ansvaret på vegne av det offentlege. Sjølv om nye gravplassar ofte blir lokaliserte andre stadar enn like ved kyrkje, er dei fleste gravplassar også kyrkjegarder, lokalisert like ved kyrkja. Det er ikkje ønskeleg å avvike det gode samarbeidet lokalt mellom kyrkje og kommune, og det er Møre bdr. si meining at samhandlinga mellom kyrkja og kommune lyt finne si form også i framtida. Gravferdsforvaltninga bør likevel ikkje vere eit argument som bør styre finansiering, inndeling og kyrkjeordning. Om gravferdsforvaltning skal vere av kyrkja sine oppgåver i framtida, skal ikkje finansiering av denne reknast av det årlege tilskottet til trus- og livssynssamfunn.

Vigselsrett, gravplassdrift og andre spørsmål

25. Vigselsrett for tros- og livssynssamfunn skal videreføres, jf. kap. 19 og forslag til endringer i ekteskapsloven §§ 12 og 13.

jf. [kap. 19](#)

forslag til endringer i ekteskapsloven §§ 12 og 13 (lenkene åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ	Hvor viktig er dette?	Eventuell kommentar
☒ Enig ☐ Uenig	☐ Viktig ☐ Ikke viktig ☒ Ingen oppfatning	

26. Den lokale kirkes ansvar for gravplassdrift og –forvaltning skal videreføres som normalordning, jf. kap. 22 og forslag til endringer i gravferdsloven § 23.

jf. [kap. 22](#)
forslag til endringer i gravferdsloven § 23 (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ	Hvor viktig er dette?	Eventuell kommentar
☒ Enig ☐ Uenig	☒ Viktig ☐ Ikke viktig ☐ Ingen oppfatning	

27. Fylkesmannen skal etter søknad fra kommunen kunne treffe vedtak om overføring av gravplassansvaret til kommunen, jf. kap. 22 og forslag til endringer i gravferdsloven § 23.

jf. [kap. 22](#)
forslag til endringer i gravferdsloven § 23 (lenken åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ	Hvor viktig er dette?	Eventuell kommentar
☒ Enig ☐ Uenig	☒ Viktig ☐ Ikke viktig ☐ Ingen oppfatning	<i>Møre bdr. er samd i prinsippet om at det er kommunane som har hovudansvar for gravplassane og at fylkesmannen, etter søknad frå vedkommande kommune, kan treffe vedtak om overføring. Det er likevel ønskelig, på bakgrunn av at mange gravplassar ligg like ved kyrkje, at repr. frå soknet er fullverdig medlemmer av det kommunale organ som har ansvar for gravferdsdrift og forvaltning av gravplassar. I tillegg tenkjer bdr. at Fylkesmannen, etter søknad frå vedkommande kommune, kan godkjenne kyrkjeleg forvaltning av kyrkjegardane. Det kan vere naturleg, på bakgrunn av at mange gravplassar ligg like ved kyrkje, i kraft av kompetanse og tradisjon, at kyrkjeleg organ utfører arbeidet som tenesteyting til kommunen.</i>

28. Det ansvaret bispedømmerådet har etter gjeldende gravferdslov, skal overføres til de enkelte fylkesmenn, jf. kap. 22 og forslag til endringer i gravferdsloven §§ 4, 21 og 24

jf. [kap. 22](#)

forslag til endringer i gravferdsloven §§ 4, 21 og 24 (lenkene åpnes i nytt vindu)

Velg et alternativ	Hvor viktig er dette?	Eventuell kommentar
☒ Enig ☐ Uenig	☒ Viktig ☐ Ikke viktig ☐ Ingen oppfatning	<i>Møre bdr. er samd i at gravplassforvaltninga, som etter gjeldande gravferdslov ligg til bispedømmerådet, blir overført til fylkesmannen. Sjølv om bispedømmerådet har viktige oppgåver knytt både til kyrkjebyggsaker og gravplass-saker, er det ein konsekvens av Møre bdr. sitt prinsipielle syn at gravplass-saker blir overført Fylkesmannen. Sjølv om ei slik overføring av deler av bispedømmerådet sitt ansvar til Fylkesmannen vil byråkratisere, kan Fylkesmannen bygge opp nasjonal kompetanse, slik som tilfelle er i kyrkja i dag. Bispedømmerådet i Tunsberg, på vegner av Den norske kyrkja, handsamer saker som handlar om gravplassforvaltning. På sikt meiner Møre bdr. at det er rett å skilje saker som handlar om kyrkjebygg og saker som handlar om gravplassforvaltning frå kvarandre, slik at det eine sakhandsamingskomplekset høyrer til under bispedømmerådet og det andre under Fylkesmannen. Det lyt vere dei sokne-valde sine fremste oppgåver i det kommunale organet som handsamer gravplass-saker, å ta vare på kyrkja sine interesser. Behovet for god forståing av samanhengen mellom kyrkjehus og gravplass – kyrkjestaden, er viktig. For å sikre god samhandling bør ein rådgivar på bispedømenivå få gravplass-sakene til uttale og ein rådgivar frå Fylkesmannen/Fylkeskonservator bør gi uttale om som omhandlar kyrkjebygg. Andre tema Om retten til fri frå arbeid i utøving av kyrkjelege verv Når bispedømmerådet forstår at det ikkje er mogleg med heimel i lov å gi rett til fri med løn, meiner Møre bdr at staten gjennom særskilt tildeling må gi Dnk høve til å sikre slik kompensasjon ut frå eigne reglar. Dette er viktig ut frå</i>

Kommentarer

«Sjå, ho kan gå!» Foreldre si begeistring over å sjå barnet ta sine første steg, er stor. «Sjå, ho kan gå!» gir uttrykk for glede og oppsamla forventning. No er gåstolen borte, musklar, koordinasjon og balanse er utvikla, og barnet tar sine nølande, vaklande, men sjølvstendig steg. Ei ny verd opnar seg! Ei ny framtid! Sjølv om Den norske kyrkja (Dnk) har eksistert gjennom hundrevis av år, og har vore ein del av samfunn, fest og kvardag gjennom hundreår og i mange sitt liv, kjennest det litt ut som at kyrkja no er i ferd med å reise seg for å stå på eigen bein. Endeleg er beina definert. Kyrkjelyden, soknet er allereie definert som juridisk eining. Den lokale kyrkjelyden er den eine foten som kyrkja står på. Og så har Dnk meir nyleg gitt identitet og styrke til sitt andre bein. Kyrkja sitt andre bein er nasjonalkyrkja. Kyrkjemøtet, er kyrkja sitt øvste valde organ og kyrkja sin andre fot, det andre beinet som Dnk skal stå på. Markert med verksemdoverdraging 1. jan 2017 og gitt status som juridisk subjekt, på same måte som soknet. No reiser kyrkja seg og skal prøve å setje beina under seg. Ho skal sakte, men sikkert kvitte seg med gåstolen. Kyrkja har hatt støttehjul og ekstrabein som har gitt hjelp og retning, men som også har hindra kyrkja å reise seg til å ta egne sjølvstendige steg. Og omgjevnadane sine hjørne og kantar, kvasse og brysame, er ikkje lenger polstra og plastra, no gjeld egne erfaringar. Verken omgjevningar eller særlege støtteordningar er lenger innstilt på å gi vern og støtte som tidlegare. Ein føresetnad for å kunne reise seg, er at barnet har styrke nok! Næring og mat må til for at ein liten kropp skal vekse. For å skape vekst er det slik! I kyrkja snakkar vi både om ande, om sjel og om lekam. Vi veit at vekst i ande og i sjel kjem frå andre kjelder enn den lekamlege veksten. Kroppsleg vekst og styrke har samband med opptak av næring. Kor hyppige måltid treng barnet, kven har ansvaret for at barnet får næringa ho treng? Skal den lekamlege veksten vere avhengig av kva barnet kan plukke til seg undervegs, skal veksten vere avhengig av kva barnet kan gi eller få av andre, eller er vekst og styrke eit resultat av næringsrike og regelmessige måltid? Hovudmålet med å samle lover og forskrift som omtalar trus- og livssynssamfunn er for å «forenkle» og for å «likebehandle». Dnk har hatt ei særstilling mellom trussamfunna her i landet. Utfordringa i høyringsutkastet er om kyrkja skal behandlast likt med andre trus- og livssynssamfunn, eller om kyrkja framleis, i kraft av si historie og i kraft av å vere majoritetskyrkje og landsdekkande, skal handsamast ulikt andre trus- og livssynssamfunn. Skal kyrkja framleis ha særleg støtte, og skal omgjevnadane tilpasse seg og ta omsyn til Dnk sin storleik og historie? Og kva næring skal kyrkja leve av? Som i dag, gjennom tilskot frå stat og kommune, kombinert med gåver og innsamling av egne midlar, eller på same vis som andre trus- og livssynssamfunn, gjennom statleg tilskot, basert på medlemstal, i kombinasjon med gåver, innsamlingar og resultat frå eiga verksemd? Det er desse utfordringane høyring om «lov om tros- og livssynssamfunn» utfordrar høyringsinstansen å ta stilling til. Ved å presentere utfordringane gjennom biletet av barnet som reiser seg og som skal ta sine første steg, kan kanskje problemstillingane forståast og gripast betre. Gjennom å kommentere einskilte spørsmål, ved å svare samd/usamd og gi spørsmåla verdi som viktig/uviktig, ønskjer Møre bispedømmeråd å gi til kjenne sitt syn på høyringa.